

Godt barnearbeid på Bedehuset

31.01.2014



Styret etter årsmøtet: Jon Harald Kjærland, Jan Tvedt, Sella Hjønnevåg, Tormod Myklebust og Aud Isaksen Haugland

Vi har et godt barnearbeid her på Bedehuset.

Det slo Nelly Kjærland fast i årsrapporten som vart lagt fram under årsmøtet til Uskedal Indremisjon i kveld.

I fjor hadde Hobbyklubben 25, Småbarnstreff 22 og Dei kreative 13 betalande medlemmer. Sundagsskulen hadde 28 og i tillegg kom Røystene slik at samla tal på barn og unge var rundt 100.

Skrivar Tormod Myklebust hadde i si årsmelding for ifor karakterisert aktiviteten som vanleg og at leiarane også dette året hadde vist truskap og engasjement. Sundagsmøter, bønnemøter og nattverdsmøter er faste innslag, men det er ikkje alltid like lett å skaffa talarar. Eit av høgdepunkta var kombinert haust- og jubileumsfest.

Huset er mykje i bruk av laga som held til der og det har vore dugnadssarbeid også det siste året. Det er montert 2 varmepumper og det vert gjort ein stor vaskejobb av nokre få gjennom året. Ei utegruppe organiserar vedlikehald ute, men planlagt maling måtte utsetjast på grunn av mykje dårlig vær. Husleigesatsane har vore diskutert i styret og no er dei dag/kveld 350, laurdag eller sundag 500 og heli helg 1000.

Jon Harald Kjærland fekk ros for stor jobb som formann gjennom mange år, men var villig til attval for nok eit år. Det var også Sella Hjønnevåg medan Britt Torill M. Mathiesen vart erstatta av Aud Isaksen

Haugland og Tormod Myklebust og Jan Tvedt ikkje var på val.
Varamedlemmene Lars Haugland og Margot Haugland vart attvalde.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen